

Meistring og medverknad

HABILITERINGSPLAN FOR KVAM HERAD 2020 - 2025



12.05.2020



Innhald

INNLEIING	3
Omgrepsavklaring	3
1.1 Kva er habilitering?	3
1.2 Mål og målgruppe for planen	4
1.3 Situasjonen i dag	4
1.4 Omfang	4
1.5 Kommunen sitt ansvar og oppgåver	5
1.6 Sentrale og lokale føringar	6
2.0 HABILITERINGSTILBODET I KVAM.....	7
2.1 Sentrale aktørar i kommunen	7
2.2 Koordinerande eining- oppgåver og organisering	9
2.3 Koordinator	9
2.4 Individuell plan	9
3.0 STRATEGI OG TILTAK	10
3.1 Samordna innsats i gode forløp	10
Ei tverrfagleg teneste.....	13
Samhandling med spesialisthelsetenester og kompetansesenter	14
3.2 Involvering og deltaking	15
Brukarmedverknad – kva er viktig for deg?	16
Brukarmedverknad på samfunnsnivå	16
Sosial deltaking og meningsfull fritid	17
Læring og meistring.....	19
3.3 Kunnskapsbasert tenesteutvikling	19
Kompetanse og fagutvikling.....	20
Velferdsteknologi og digitale løysingar.....	21

INNLEIING

Habilitering handlar om å setja mennesket sine egne ressursar og mål i sentrum. Det handlar vidare om at brukaren skal oppnå ei best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet. Dette krev eit sterkt brukarperspektiv og god kvalitet, samhandling og koordinering av tenester.

Fordi habilitering startar tidleg i livet til ein brukar, vil ein habiliteringsprosess strekkja seg over mange år og mange livsfasar. Brukar vil i løpet av habiliteringsprosessen vera på fleire ulike arenaer, og ha mange tenesteytarar. Særleg veit me at overgangar er krevjande og treng ekstra førebuing, samhandling og koordinering. Døme på overgangar er frå barnehage til grunnskule, frå grunnskule til vidaregåande skule og frå vidaregåande skule til eit vaksenliv med utdanning, jobb og eigen bustad.

I *Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017-2019)* får kommunane eit utvida ansvar ved at ein større del av habiliteringa skal skje der brukaren lever livet sitt; i bu- og nærmiljø, barnehage, skule, fritidsarena og på arbeidsplassen. Kvam herad har ikkje eigen habiliteringsplan og med bakgrunn i opptappingsplanen søkte Kvam herad om prosjektmidlar frå Fylkesmannen og fekk innvilga tilskot til å utarbeida plan. Planen var ferdigstillt på nyåret 2020.

Omgrepsavklaring

Brukar: Mottakar av habiliteringstenester blir i planen kalla «brukar». I arbeid med born som brukar, blir foreldre/ føresette viktige medspelarar. I mange tilfelle i planen kan ein lese brukar som «brukar med foreldre / føresette».

1.1 Kva er habilitering?

Habilitering har fylgjande definisjon:

«Habilitering og rehabilitering skal ta utgangspunkt i den enkelte pasients og brukers livssituasjon og mål.

Habilitering og rehabilitering er målrettede samarbeidsprosesser på ulike arenaer mellom pasient, bruker, pårørende og tjenesteyter. Prosessene kjennetegnes ved koordinerte, sammenhengende og kunnskapsbaserte tiltak.

Formålet er at den enkelte pasient og bruker, som har eller står i fare for å få begrensninger i sin fysiske, psykiske, kognitive eller sosiale situasjon, skal gis mulighet til å oppnå best mulig funksjons- og meistringsevne, selvstendighet og deltagelse i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet».

Habilitering er ikkje ei enkeltteneste, men ei rekkje tenester eller tiltak som er sett i system. Det er vidare ein planlagt prosess som skal følgje den enkelte frå ei funksjonsnedsetting er identifisert i tidleg barneår til personen er godt etablert som vaksen i eigen bustad. Habilitering skal vera ein integrert del av tenestetilbodet i kommunen.

1.2 Mål og målgruppe for planen

Det overordna målet med denne planen er at kommunen sine innbyggjarar skal få heilskaplege og kunnskapsbaserte habiliteringstenester som støttar opp under meistring, brukarmedverknad og deltaking. Planen kan også gje eit betre grunnlag for samarbeid mellom kommunale einingar som er sentrale aktørar i habiliteringsarbeidet.

Brukar av habiliteringstenester er born, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva skade, sjukdom eller funksjonsnedsetting. Kjenneteikn ved brukargruppa er at dei ikkje fylgjer eit forventta utviklingsløp. Dei treng planlagde, samansette og koordinerte tenester for å nå eigne mål.

1.3 Situasjonen i dag

I tråd med regjeringserklæringa fremja regjeringa *Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019*. Planen vart varsla i Meld. St. 26 (2014-2015) *Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet* (Primærhelsetjenestemeldingen).

Opptappingsplanen rettar seg i hovudsak mot brukarar med funksjonsnedsetting som følgje av sjukdom, uavhengig av alder, diagnose og bustad. Planen gjev oversikt over hovudutfordringar på habilitering- og rehabiliteringsfeltet og fastlegg kortsiktige og langsiktige strategiar for å møte desse. Planen skal bidra til at kommunane vert sett i stand til å gje eit godt habiliterings- og rehabiliteringstilbod til innbyggjarane og gje brukarane gode tenester der dei bur. Planen skal også bidra til å styrkja brukarperspektivet og betra kvaliteten på tenestene. For å få dette til er det naudsynt med endring i arbeidsformer og kompetanse.

1.4 Omfang

I likheit med mange andre kommunar manglar Kvam herad ei total oversikt over brukarar med eit habiliteringsbehov. Dette skuldast mellom anna at dei ulike tenestene brukar fagsystem som ikkje har registrering for dette. Det me veit er at Kvam herad har 80 brukarar som har IP (individuell plan), omlag halvparten av desse er under 18 år. Bilete er ikkje heilt korrekt i forhold til tal brukarar av habiliteringstenester då fleire av IP-mottakarane er i eit rehabiliteringsforløp, nokon takkar nei til IP og nokon har avslutta IP sjølv om dei vert rekna som brukar. Pr 31.01.2020 er det 33 barn og unge med utviklingshemming / utviklingsforstyring som mottok pleie- og omsorgstenester. Hovudvekta av tenestene dei mottok er støttekontakt og avlastning i og utanfor institusjon. 23 brukarar bur i kommunale bustader med bemanning og 49 personar får ambulerande miljøarbeidstenester. Tal registrerte brukarar over 18 år med diagnosen psykisk utviklingshemma var pr. 1.1.2020 50 personar.

1.5 Kommunen sitt ansvar og oppgåver

Kommunen har plikt å bidra til at menneske som er avhengig av hjelp i sitt daglege liv får moglegheit til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktiv og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre. Alle kommunar skal ha å ei koordinerande eining (KE). Koordinerande eining er eit kontaktpunkt for samarbeid internt og eksternt. Eininga skal kunne gje informasjon til brukarar og pasientar som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering eller rehabilitering. I Kvam er denne eininga lagt til Tenestekontoret i helse og omsorg. I tillegg har kommunen ansvar for formidling av hjelpemidlar og tilrettelegging av miljøet rundt personar med funksjonsnedsetting. Dette gjeld blant anna rett til individuell tilrettelegging av kommunale tenestetilbod, for eksempel for born med nedsett funksjonsevne som går i barnehage og skule.

Brukarane sine behov varierer i innhald, omfang og intensitet. For å dekke dei individuelle behova samarbeider kommunale tenester internt og eksternt med spesialisthelsetenesta, kompetansetenester og frivillige for at tilbodet skal bli best mogeleg. Arbeidet er styrt etter samarbeidsavtalar, lokale føringar og nasjonale føringar og lovverk.



1.6 Sentrale og lokale føringar

Habilitering i kommunane er regulert i lover, forskrifter og nasjonale føringar. Desse er blant anna:

- Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017-2019)
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator (2012)
- Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet
- Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter
- Samhandlingsreformen (2012)
- Helse- og omsorgstjenesteloven (2011)
- Lov om barnehager (2005)
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (2001)
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (1998)

Kvam herad har ein overordna *Kommunedelplan for helse og omsorg 2015-2030*. Planen er det viktigaste dokumentet for helse og omsorgstenesta si utvikling og styring fram mot 2030. *Plan for habilitering 2020-2025* er ein av fleire temaplanar som skal sørge for eit best mogleg tilbod til dei som treng habiliteringstenester. Andre sentrale planar er:

- Rehabiliteringsplan for Kvam 2018-2023
- Plan for legetenesta 2018-2023
- Budsjett og økonomiplan 2020-2023
- Utbyggingsstrategiar for helse og omsorg 2017-2030
- Plan for fysioterapi- og ergoterapitenesta 2013-2020
- Handlingsplan for menneske med nedsett funksjonsevne 2010-2014

2.0 HABILITERINGSTILBODET I KVAM

Habilitering har til formål å bidra til at brukaren kan oppnå best mogleg funksjons- og mestringssevne, sjølvstendigheit og sosial deltaking. Dette stiller krav til at brukar står i sentrum med sine ressursar og utfordringar; at han er aktivt deltakande og har medverknad, at tenesteytar arbeider kunnskapsbasert og målretta, og samhandlar internt og på tvers av einingar og tenestenivå.

Brukar med habiliteringsbehov har rett til å få utnemnt ein koordinator i kommunen og få utarbeida individuell plan(IP). IP er brukar sin plan, og den skal gjenspegle brukar sitt behov, ynskjer, interesser og mål.

2.1 Sentrale aktørar i kommunen

Mange faggrupper samarbeider for å gje eit godt habiliteringstilbod i kommunen. I prinsippet er alle tilsette i Kvam herad å rekna som ressurspersonar. Enkelte faggrupper, profesjonar og funksjonar kan ha ei meir sentral rolle i habiliteringsarbeidet.

Brukar er den viktigaste aktøren i ein habiliteringsprosess og skal vera ein aktiv og likeverdig samarbeidspartnar. Brukar sine erfaringar om eiga helse og liv er viktig kunnskap. Brukar sine ynskjer skal vega tungt i samarbeidet og det er hans/ hennar mål for eige liv skal leggast til grunn for habiliteringsarbeidet.

Pårørande er ofte brukar si viktigaste stemme og har erfaring med kva som kan vera til god hjelp. Samstundes må tilsette vera bevisste på at påørande kan ha behov for avlastning og støtte. Kommunen har plikt til å gje opplæring og rettleiing til påørande med tyngjande omsorgsoppgåver.

Koordinerande eining skal bidra til og sikra eit heilskapleg habiliteringstilbod til brukar med behov for tenester frå fleire fagområde, nivå og einingar. KE er organisert i Tenestekontoret for helse og omsorg.

Fastlege bidreg med diagnostisering, oppfølging og behandling av personar med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar. Fastlegen har den medisinskfaglege koordineringsrolla og skal vera orientert om brukar si ansvarsgruppe og individuelle plan.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har barn, ungdom, gravide og foreldre som målgruppe. Føremålet med tenesta er å fremja fysisk og psykisk

AKTUELLE AKTØRAR INNAN HABILITERING

- Brukar
- Pårørande
- IP koordinator
- Fastlege
- Helsesjukepleiar
- Jordmor
- Fysioterapeut
- Ergoterapeut
- Vernepleiar
- Sjukepleiar
- Sosionom
- Helsefagarbeidar
- Psykolog
- Logoped
- Lærer
- Barnehagelærer
- Støttepedagog
- Barne og ungdomsarbeidar
- Assistent
- Barnevernspedagog
- Støttekontakt/treningskontakt

helse, fremja gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggja sjukdom og skade. Tenesta har ei viktig oppgåve i å fange opp born og unge med behov for meir omfattande hjelp og oppfølging for eksempel på grunn av funksjonsnedsetting, utfordring i familie eller andre samansette, langvarige hjelpebehov.

Ergo- og fysioterapitenesta gjev tilbod til brukarar i alle aldrar og til ulike brukargrupper. Tilbodet kan vera; undersøking, individuell behandling, oppfølging og rettleiing til foreldre/føresette eller andre personar som arbeider tett med brukar, tilrettelegging for aktivitet og tilpassing av fysisk aktivitet, kognitiv trening, tilrettelegging av fysisk miljø, søkja om og tilpasse hjelpemidlar, samarbeida med andre profesjonar lokalt i kommunen og i 2. og 3. linjetenesta.

Kvam hjelpemiddellager er ein sentral aktør når det gjeld tilrettelegging i heimen, utlån av hjelpemidlar ved kortvarige behov, og formidling av hjelpemidlar til varig utlån frå Nav hjelpemiddelsentral i Hordaland. For mange brukarar er tekniske hjelpemiddel nødvendige for å meistra kvardagsaktivitetar og kunne delta i samfunnet.

Barnehage er ein sentral arena for alle born. Born med langvarige og samansette hjelpebehov, nedsett funksjonsevne og kronisk sjukdom har rett til individuelt tilpassa og likeverdig tilbod som bidreg til ein meningsfull oppvekst uansett funksjonsnivå. Born som har behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til dette i tråd med § 19a i opplæringslova, og born med nedsett funksjonsevne kan ha rett til tilrettelagt barnehagetilbod i tråd med §19g i barnehagelova.

Skule er den viktigaste daglege arenaen for born og unge. Born/unge med langvarige og samansette hjelpebehov, nedsett funksjonsevne og kronisk sjukdom har rett til individuelt tilpassa og likeverdig tilbod som bidreg til eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø, uansett funksjonsnivå. Elevar har rettar i tråd med § 5.1 i opplæringslova dersom dei ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring.

Vaksenopplæringa i Kvam gjev tilbod om opplæring til vaksne i form av spesialundervisning, språkopplæring til flyktningar/innvandrarar og grunnskuleopplæring. Vaksne elevar kan få spesialundervisning når dei har særlege behov for opplæring for å kunne utvikla eller halda ved like grunnleggjande ferdigheitar.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) har både eit individoppdrag som har fokus på det einskilde barnet, og eit systemoppdrag som skal styrkja læringsmiljøet barnet er i. PPT kartlegg ulike vanskar og gjer ei sakkyndig vurdering ved behov for spesialpedagogisk hjelp til born som treng det i barnehage og på skule (Opplæringslova §5.1).

Logopedtenesta gjev tilbod til brukarar med språk-, tale- og svelgvanskar. Tenesta vert gitt i brukaren sitt naturlege miljø eller i logopeden sine lokale. Tenesta er organisert under PPT og er tilknytt avdeling for oppvekst.

Frivillige lag og organisasjonar bidreg og legg til rette for at personar med ulike funksjonsnedsettingar får moglegheit til å vera aktive, oppleve meistring og delta sosialt i samfunnet.

Familiesenteret tilbyr lett tilgjengeleg hjelp, støtte og rettleiing til born, ungdom, foreldre og pårørande. Familiesenteret kan delta og bidra i arbeidet med læring og meistring.

Tenester til personar med utviklingshemming har ansvar for drift av bufellesskap og ambulerande heimebaserte tenester og avlastning. Avlastningstenesta skal ikkje berre vera ei naudsynt avlastningsteneste for familien. Det er ynskjeleg at tenesta også skal vera ein arena for å kartleggja brukar sine ressursar og utviklingsmoglegheiter. Fokuset er å leggja til rette for ein god overgang til vaksenliv med bustad og arbeid/dagaktivitetstilbod.

Dagaktivitetstilbod eller arbeidsplass er viktig for å ha ein meningsfull kvardag for vaksne brukarar. Det kommunale dagaktivitetstilbodet er lokalisert på Øysteseheimen. Hardanger AKS står for størstedelen av tilrettelagde arbeidsplassar i Kvam. I tillegg gjev kommunen og nokre private aktørar, i samarbeid med NAV, tilbod om tilrettelagde arbeidsplassar.

Arbeids- og velferdsforvaltning (NAV) kan gje tilbod om ulike økonomiske stønadsordningar, utlån av hjelpemidlar, tolkeoppdrag, funksjonsassistanse i arbeidslivet, tilpassing av arbeidsoppgåver og aktivitetar m.m.

2.2 Koordinerande eining- oppgåver og organisering

Alle kommunar er pålagt å ha ei koordinerande eining (KE) for habilitering og rehabilitering. KE skal vera kontaktinstans for eksterne og interne førespurnader om habilitering, og skal ha oversikt over habiliteringstilbodet i kommunen.

Eininga skal sikre at det vert etablert ansvarsgruppe og sørge for at koordinator vert utnemnt og gitt naudsynt opplæring.

2.3 Koordinator

På lik linje med individuell plan, har brukarar med habiliteringsbehov rett til koordinator. Det gjeld uavhengig av om brukar ynskjer individuell plan. Koordinator skal sørge for naudsynt oppfølging av den enkelte brukar og sikra tverrfagleg samordning av tenestetilbodet.

Dersom brukar har IP skal koordinator sikre framdrift i arbeidet med planen.

2.4 Individuell plan

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester har rett til å få utarbeida individuell plan. Individuell plan er både eit verktøy, i form av eit planleggingsdokument, og ein strukturert samarbeidsprosess. Planen skal oppdaterast kontinuerleg og vera eit dynamisk verktøy i koordinering og målretting av tenestetilbodet. Brukaren sine mål, ressursar og behov skal danna grunnlaget for val og prioritering av tiltak.

Formålet med individuell plan er å:

- sikra at brukar får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod
- sikra brukar sin medverknad

- styrka samhandling mellom tenesteytar, brukar og eventuelt pårørnde
- styrka samhandling mellom profesjonar og einingar


3.0 STRATEGI OG TILTAK

For å nå målsetjinga om heilheitlege og kunnskapsbaserte tenester vil Kvam herad gjennom denne planen føreslå tiltak innan tre områder 1) *Samordna innsats i gode forløp*, 2) *Involvering og deltaking* og 3) *Kunnskapsbaserte tenester*. Mange av tiltaka som vert presentert er vidareføring av arbeid som me allereie utfører i dag.

3.1 Samordna innsats i gode forløp

Det er viktig at dei ulike tenestene på eit tidleg tidspunkt fangar opp utfordringar og vanskar for å kunne setja i gang eigna tiltak. For born og unge med langvarige og samansette behov er samarbeids- og

koordineringsutfordringane ofte komplekse. Aktørane er mange og tenestene er både tverrfaglege og knytt til ulike einingar. Overgangar mellom ulike livsfasar og ulike arenaer er særleg kritiske og krevjande. For brukar og familie er det viktig at det er kontinuitet i oppfylginga, og at verktøy som ansvarsgrupper, koordinator og IP vert nytta for å få til ein målretta og samordna innsats.



(Illustrasjon Annette Servan henta frå Mestring og medvirkning – handlingplan for habilitering og rehabilitering i Bergen kommune 2018-2021).

Tidleg innsats og god flyt i habiliteringsprosessen

Kommunen vektlegg tidleg innsats og rett hjelp til rett tid. Dei fyrste åra i eit barn sitt liv er særst viktige. Desse åra legg viktig grunnlag for livet og vidare funksjon. Det er ynskjeleg å opprette tidleg kontakt med foreldre/ føresette til barn med særskilde behov for å tilby råd og rettleiing. I alle barnehagar har Kvam herad innført eit støttesystem som skal gje personalet rettleiing og støtte til tilrettelegging på eit tidleg stadium for born dei er uroa for. Helsestasjon, PPT og familiesenteret mfl. gjev kurs og rettleiing til born og familiar. Kvam herad ynskjer å betra og samordna tverrfagleg innsats, både internt i kommunen og på tvers av tenestenivå. Kommunen vil ha særleg fokus på å sikra gode overgangar. Det er ynskjeleg å utarbeide sjekklister for kritiske overgangar. Dette vil vera eit godt verktøy for ansvarsgruppa til å informere om, planlegge for og setja i gang prosessar og tiltak på eit tidleg tidspunkt.

Tidleg innsats og god flyt i habiliteringsprosessen	
Mål Brukar skal oppleve gode og koordinerte tenester Tidleg innsats i ulike fasar i livet skal vektleggjast	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Foreldra skal kjenne seg trygge og ivaretatt Brukar og foreldre skal tidleg få informasjon og aktuelle tenester	Helsestasjon, inkludert jordmor og fastlege, skal møte foreldre på deira bekymring og gje oppfølging etter behov Helsestasjon informerer og eventuelt tilviser til aktuelle tenester i kommunen og spesialisthelsetenesta
Brukar og familie skal oppleve tidleg innsats i ulike livsfasar	Tenesteytar skal tidleg melde om habiliteringsbehov, tilvise til andre hjelpeinstansar Støttesystem i barnehagane System for god skulestart Tverrfaglege team på skulane Sjekklistar for kritiske overgangar Bruke avlastinga/ treningsbustad til kartlegging av funksjon Lærings- meistringstilbod Utvikla alternative avlastningsordningar
CA 2-6 ÅR Brukar og foreldre skal oppleve trygg og god oppstart i barnehage	Aktuelle tenester formidlar naudsynt informasjon/ opplæring til barnehagen Foreldre er aktivt deltakande i forkant, under og etter overgang til barnehage Overgang er tema i ansvarsgruppa. Barnehage, skule og aktuelle tenester planlegg i god tid overgang til grunnskule, eige overføringsmøte

<p>CA 6-16 ÅR</p> <p>CA 16-20 ÅR</p> <p>INDIVIDUELL ALDER</p>		
	<p>Brukar og foreldre skal oppleve trygg og god overgang til grunnskule</p>	<p>Barnehagen og skulen har ei gjensidig plikt til å samarbeida og gjere seg kjent med brukar i forkant av skulestart</p> <p>Foreldre er aktivt deltakande i forkant, under og etter overgang til grunnskule</p> <p>Skule og barnehage har spesialpedagogiske team som drøftar saker/ gjev råd på eit tidleg tidspunkt</p> <p>System for god skulestart</p> <p>Overgang er tema i ansvarsgruppa.</p> <p>Grunnskule, vidaregåandeskule og aktuelle tenester planlegg i god tid overgang til vidaregåande skule</p>
	<p>Brukar og foreldre skal oppleve trygg og god overgang til vidaregåande skule</p>	<p>Vidaregåande skule har ansvar for å gjere seg kjent med brukar i forkant av skulestart</p> <p>Aktuelle tenester formidlar naudsynt informasjon/ opplæring til vidaregåande skule</p> <p>Foreldre er aktivt deltakande i forkant, under og etter overgang til vidaregåande skule</p> <p>Ansvarsgruppa planlegg i god tid overgang til vaksenliv (utdanning, arbeid, bustad, fritid mm)</p>
<p>Brukar sine behov og ynskjer for eit meiningsfullt liv skal vektleggast</p> <p>Brukar skal ha ein meiningsfull kvardag etter avslutta arbeidsliv</p>	<p>Ansvarsgruppa arbeider for å imøtekoma brukar sine behov og ynskjer i størst mogeleg grad</p> <p>Vurdere alternativt dagtilbod i bustad eller på dagsenter</p> <p>Samarbeid med frivillige organisasjonar</p>	

--	--	--

Ei tverrfagleg teneste

Eit av dei sentrale tiltaka i primærhelsemeldinga er å etablere ei meir tverrfagleg teneste. Bruk av individuell plan og ansvarsgruppe er godt etablert i Kvam. Dette er gode tiltak som må vidareførast. Vidare bør det og fokuserast på korleis ein kan få til eit enno betre samarbeid på tvers av einingar. Helse- og Omsorg og Oppvekst samarbeider i mange tilfelle om same brukar. Det er ynskjeleg at einingane skal dra vekslar på kvarandre sin kompetanse. Det er hensiktsmessig å kjenne til kva spesialkompetanse som er i kommunen slik at ein kan nyttiggjere seg den på ein best mogleg måte for brukar.

Det er ei utfordring at nokon tenester har ulike journalprogram som ikkje kommuniserer med kvarandre. Sikker digital kommunikasjon vert såleis utfordrande. Pr i dag er det kun mogleg å samarbeida elektronisk via SamPro – elektronisk individuell plan.

Ei tverrfagleg teneste	
Mål Med brukar i sentrum skal Kvam ha eit godt og målretta samarbeid mellom tenestene	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Brukar skal få tilbod om individuell plan og koordinator	Tenesteutøvar skal informere om retten til IP og koordinator Koordinerande eining har ansvar for å oppnemna koordinator
Koordinator skal vera trygg i rolla	Koordinerande eining har ansvar for å utarbeida og oppdatere rutinar for koordinator-rolla Koordinerande eining har ansvar for opplæring og rettleiing av koordinator Næraste leiar må syte for at koordinator får tid til koordinatoroppgåver
Timebaserte tenester skal sikrast naudsynt informasjon og opplæring	Inkludere tenestene i samarbeidet

Jobba systematisk og tverrfagleg mot mål som er viktig for brukar	Kartleggje brukar sine mål med fokus på «Kva er viktig for deg» Utarbeida gode rutinar for samarbeid i SamPro med avklarte ansvarsoppgåver
Tilgjengelege løysingar for tverrfagleg samhandling og samarbeid med pårørande	Jobba for ein felles sikker elektronisk plattform som kan lette samarbeidet internt og på tvers av einingar Vurdere å ta i bruk ulike elektroniske løysingar (appår) som kan bidra til sikker informasjonsveksling
Delingskultur som gjer det naturleg å samarbeide innan og på tvers av einingar	Aktuelle tenester har ansvar for systematisk kunnskapsutveksling

Samhandling med spesialisthelsetenester og kompetansesenter

Samarbeid mellom kommunen og spesialisthelsetenesta er styrt gjennom lovverk og samarbeidsavtalar. Det skal mellom anna sikre oppgåve- og ansvarsfordeling og gje brukarar lik tilgang til koordinerte tenester. Ulike kommunale einingar samarbeider og med spesialiserte regionale og statlege kompetansesenter. Døme på samarbeidspartnarar med spesialisert kompetanse er

- Habiliteringstenesta for born og unge (HABU)
- Barne og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)
- Barne og ungdomsklinikken (BUK)
- Habiliteringstenesta for voksne (HAVO)
- Syns- og audiopedagogiske tenester (SAPT)
- FRAMBU – kompetansesenter for sjeldne diagnosar
- Statleg spesialpedagogiske teneste (STATPED)
- Beitostølen Helseportsenter (BHSS)

Samhandling med spesialisthelsetenester og kompetansesenter	
Mål Sikre brukar koordinert og god hjelp når det trengs, nærast mogeleg der brukar bur	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Godt samarbeid med spesialisthelsetenestene og kompetansesenter	Delta i samarbeidsfora og møteplassar Jobbe for at BUP Voss skal ha faste polikliniske dagar i Kvam Nytte spesialisthelsetenestene og kompetansesenter til opplæring av brukar, pårørande og tenesteytarar Følgje opp samarbeidsavtalar
Hjelp frå spesialisthelsetenestene og kompetansesenter på ein rask og tenleg måte	Nytte digitale løysingar i situasjonar kor det er hensiktsmessig Få rettleiing i kommunen av spesialisthelsetenestene
God og sikker kommunikasjon mellom tenestene	Nytte elektroniske plattformer som allereie er sikra Opprette sikker digital meldingsutveksling innan og på tvers av einingar

3.2 Involvering og deltaking

Eit levande velferdssamfunn skal hjelpe innbyggjarane til å utnytte egne ressursar best mogeleg. Dersom velferdssamfunnet skal realisera verdiar som deltaking, sjølvstende, verdigheit og normalisering, krev det sterk brukarmedverknad og kontroll over eigen livssituasjon. Kvam herad har som mål å ha brukarmedverknad både på individnivå og systemnivå.

Brukarmedverknad – kva er viktig for deg?

Kvam herad ynskjer at brukar skal vera aktivt deltakande i eigen habiliteringsprosess. Det inneber fokus på meistring i dagleglivet med utgangspunkt i den enkelte sine behov, ressursar og mål. Kvam herad ynskjer at tilsette skal møte brukar med spørsmålet «kva er viktig for deg» heller enn «kva treng du hjelp med». Ei slik positiv forventning til eigenmeistring kan opna for at brukar fortset å vera ein aktiv medspelar, i motsetnad til å vera ein mottakar av hjelp.

Tenestene må leggja til rette for at den enkelte kan medverka ut i frå egne føresetnader, og tilpassast den enkelte si evne til å gje og ta imot informasjon. For nokre brukarar er det naudsynt med bruk av tolk. Tenestene og tilsette må visa kulturell forståing og sensitivitet i møte med brukar og pårørande, og skapa felles forståing for kva habiliteringsprosessen inneber.



Brukarmedverknad – kva er viktig for deg?	
Mål Brukar skal vera ein aktiv medspelar i sin habiliteringsprosess	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Brukar skal få moglegheit til å ta ansvar for eiga helse og liv	Legge til rette for god og tilgjengeleg informasjon, råd og rettleiing om tilbod og ordningar
Brukar skal møtast med «kva er viktig for deg». Når borna framleis bur heime må familieperspektivet vektleggast	Auka kompetansen hjå fagfolk generelt og koordinator spesielt, gjennom opplæring, informasjonsarbeid og kurs
Brukar skal kjenna eigarskap til sin IP, og den skal vera eit aktivt arbeidsdokument for brukar og tenesteytar	Utarbeida gode rutinar for bruk av SamPro og opplæring av koordinatorar Utarbeide IP i tett samarbeid med brukar

Brukarmedverknad på samfunnsnivå

Kommunen har plikt til å sørge for at representantar for brukarar vert høyrte ved utforming av kommunale planar. Kommunen skal og sørge for at aktørar som yt tenester skal etablere system for å innhenta erfaringar og synspunkt brukarar har. Systematiske brukerevalueringar er ein av metodane for å få fram brukarperspektivet og gjera tenestene betre.

Brukarorganisasjonar og råd, som for eksempel Ungdomsrådet og Rådet for menneske med nedsett funksjon og eldre, er viktige for brukarinvolvering på samfunnsnivå. Dei representerer brukarar på mange arenaer og får fram deira samla erfaringar og innspel.

Brukarmedverknad på samfunnsnivå	
Mål Brukarmedverknad i planlegging-, utgreiing- og vedtaksprosessar	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Tenestene skal vera meir brukarretta	Gjennomføra brukarundersøkingar Samarbeida med brukarrepresentantar

Sosial deltaking og meningsfull fritid

Regjeringa ynskjer å skapa tenester som syter for at kvar enkelt brukar får moglegheit til å leva eit aktivt, meningsfullt og mest mogleg sjølvstendig liv trass sjukdom og funksjonsnedsetting. Det er ei allmenn oppfatning at deltaking i arbeidslivet, kultur og fritid er viktig for den enkelte sin livskvalitet og livsutfalding i alle fasar av livet.

Kvam har i dag ei VTA-bedrift som gjev arbeidstilbod til brukarar med behov for tilrettelegging. I tillegg gjev kommunen og andre private bedrifter tilbod om individuelt tilrettelagt arbeid. Kommunen har også eit dagaktivitetstilbod. «Grannehjelpa» bidreg med ulike aktivitetar og har som føremål å styrkja den frivillige innsatsen i Kvam. Frivillige lag og organisasjonar har varierte fritidstilbod til born og unge. Heradet organiserer eit tilrettelagt tilbod til personar med utviklingshemming og gjev eit breidt tilbod gjennom Kulturskulen. Erfaringar tilseier at tilbodet ikkje er dekkjande med tanke på interesser og individuelle behov. Samarbeid mellom lag, organisasjonar, den enkelte frivillige og kommunen kan utviklast meir.

Tilgjengelegheit er naudsynt for deltaking og meistring. *Lov om likestilling og forbud mot diskriminering* stiller krav til universell utforming av omgjevnader og krav om tilgjengelegheit på arbeidsplassar, i skule og barnehage.

Sosial deltaking og meningsfull fritid	
Mål Legga til rette for deltaking i samfunnet	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det

<p>Offentlege rom skal vera fysisk tilgjengeleg for alle</p>	<p>Offentlege rom og bygningar skal ha universell utforming, jf. <i>Lov om likestilling og forbod mot diskriminering</i></p>
<p>Brukar skal kunne delta i samfunnslivet, både som mottakar og ressurs</p>	<p>Tilby ei digital oversikt over lokale fritidstilbod</p> <p>Brukar og tenesteytar kan melde ynskje/behov for aktivitetar til kulturkontoret</p> <p>Kommunen organiserer sjølv, eller i samarbeid med frivillig sektor, tilpassa aktivitetar</p> <p>Kommunen behandlar søknad om følgjekort/ledsagerbevis</p> <p>Forvaltninga behandlar søknader om støttekontakt, BPA og andre personlege støtteordningar</p> <p>Kommunen bidreg med rekruttering av støttekontaktar</p> <p>Lokalt hjelpemiddellager formidlar naudsynte hjelpemidlar</p>
<p>Brukar som treng «varig tilrettelagt arbeid», arbeidstrening eller arbeid skal så langt som råd få moglegheit til det</p>	<p>Kvam herad gjev økonomisk støtte til Hardanger AKS</p> <p>Kvam herad kjøper fullfinansierte plassar</p> <p>Kvam herad bidreg med arbeidsplassar i sin organisasjon til brukarar som treng «varig tilrettelagt arbeid»</p> <p>Samarbeide med NAV om å få fleire tilrettelagte arbeidsplassar i det private næringslivet</p>
<p>Brukar som ikkje kan nyttiggjera seg av eit arbeidstilbod får eit meiningsfullt dagaktivitetstilbod</p>	<p>Ansvarsgruppa vurderer og tilrår kva tilbod som er mest eigna for brukar</p> <p>Kvam herad organiserer dagaktivitetstilbod</p> <p>Samarbeid med frivillige organisasjonar</p>

Læring og meistring

Ansvar for læring og meistring er delt mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

Spesialisthelsetenesta skal i hovudsak gje brukar og pårørande læring- og meistringstilbod som er relativt korte, intensive og ofte diagnosespesifikke. Kommunen har ansvar for å etablere læring- og meistringstilbod med fokus på førebygging og helsefremjing, samt det å leva med langvarig sjukdom eller helseutfordring.



Kvam herad har behov for å sikra struktur og systematikk i arbeidet med lærings- og meistringstilboda. Ansvar for tilbodet må bli tydeleg, og tenestene må sikra brukarmedverknad i planlegging og gjennomføring av tilbodet.

Læring og meistring	
Mål Brukar og pårørande skal få kunnskap og tilbod om «verktøy» til å handtera kvardagen og leve betre med sine utfordringar	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Systematisk lærings- og meistringstilbod for brukar og familie	Kartlegge behov og laga struktur for lærings- og meistringstilbod Tilby gruppebasert opplæringstilbod, både diagnosespesifikke, på tvers av diagnosar og kring kvardagsutfordringar Følgje opp samarbeidsavtalar med spesialisthelsetenesta

3.3 Kunnskapsbasert tenesteutvikling

Gjennom Samhandlingsreforma har kommunen fått ei viktigare rolle i å sørge for naudsynt helse- og omsorgstenester til befolkninga. Eit viktig moment i reforma er at hovudtyngda av habiliteringsinnsatsen skal skje i kommunen kor brukar bur og lever livet sitt. Dette stiller store krav til samarbeid, koordinering og kompetanse internt og på tvers av einingar i kommunen samt samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Kvam er ein kommune med mykje god kompetanse og gode medarbeidarar.

Medarbeidarane er engasjerte i å til dømes delta på kurs og gjennomføra desentralisert

bachelorgrad, vidareutdanning og mastergrad. Ei utfordring ligg i å spre kunnskap og gjere kjent at spesialkompetansen er tilgjengeleg i kommunen.

Det er eit mål for kommunen å føra ein personalpolitikk som sikrar at me tiltrekk oss gode fagfolk, og at dei vert verande. Kompetanseutvikling er eit viktig satsingsområde for å utvikla og behalda medarbeidarar. Helse og omsorg og Oppvekst har gode og stabile fagmiljø på mange områder.

Kompetanse og fagutvikling

Kommunen må motivera og leggje til rette for at tilsette deltek på kurs og prioriterer å gjennomfører vidareutdanningar som kommunen har behov for, samt oppfordre og leggje til rette for at tilsette arbeider kunnskapsbasert. I ein habiliteringsprosessen fylgjer tenestene brukar gjennom ulike livsfasar. Av den grunn er det naturleg at behov og tenester endrar seg, noko som krev brei kunnskap av tenesteytarar.

Det er behov for auka kompetanse innan fleire området, men særleg innan:

- Nevroutviklingsforstyrningar som autisme og ADHD
- Utviklingshemming og aldring, dobbeltdiagnose
- Kartleggingskompetanse for å kunne evaluere og vurdere endringar og utfordringar knytt til t.d. aldring, psykisk helse og dobbeltdiagnose
- Velferdsteknologi

Kompetanse og fagutvikling	
Mål Tenesteytarar skal vera godt kvalifisert og oppnå fagleg og personleg utvikling ved å vera del av ein lærande organisasjon	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Tilsette skal ha utdanning/kompetanse som dekkjer kommunen sitt behov	Utarbeida kompetanseplan Motivera og leggja til rette for at tilsette kan ta aktuelle utdanningar Jobbe kunnskapsbasert
Legge til rette for kompetansehevande tiltak for tilsette	Leggja til rette for kurs, hospitering og internundervisning Delta i læringsnettverk Leggja til rette for e-læringskurs Auka bruk av videooverføring med kurs/undervisning

Tilsette med motivasjon til eigeninnsats	Oppmuntra og fokusere på krav om å halda seg fagleg oppdatert
Me ynskjer at kompetanse skal engasjere medarbeidarar, gje meistring og moglegheit til fagleg utvikling, og bidra til gode tenester til brukar	Vurdere å opprette ressursnettverk innan aktuelle fagområder/diagnosar

Velferdsteknologi og digitale løysingar

Gode digitale løysingar kan støtte opp under brukar sin individuelle habiliteringsprosess. Tilrettelegging med velferdsteknologi kan bidra til at personar med funksjonsnedsetting i større grad kan auka sjølvstende, tryggleik og meistring. Den teknologiske utviklinga gjer også moglegheit til å tenkje nye måtar å gje hjelp på. For eksempel videokommunikasjon ved rettleiing av eigentrening, kontakt med bufellesskap eller fastlege.

Tiltak innan velferdsteknologi som er etablert i Kvam:

- Elektronisk lås
- Elektroniske medisindispenser
- Digitale tryggleiksalarmar til heimebuande.
- Sensorteknologi som kan redusere faren for fall.
- Sporingsteknologi

Velferdsteknologi og digitale løysingar	
Mål Tenestene skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbetring	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Tilsette skal ha oppdatert kunnskap innan velferdsteknolog	Fortsette prosjektet «Frå prosjekt til drift» Oppfordra tilsette til å ta vidareutdanningar innan teknologi og helse; velferdsteknologi
System for å nytta teknologiske løysingar, og gje brukar tidleg erfaring med dette	Vurdere behov for ein koordinator innan velferdsteknologi Utvikla hjelpemiddellageret Tilgjengeleg informasjon om velferdsteknologi på nettsidene til Kvam herad

<p>Styrka brukaren si evne til å klare seg sjølv i kvardagen gjennom å nytta velferdsteknolog</p>	<p>Hjelpe brukar til å kartlegga behov og gje opplæring i bruk av velferdsteknologi</p> <p>Involvera brukar, pårørande og tilsette ved utprøving og opplæring</p>
<p>Bruka velferdsteknologi og digitale løysingar på ein respektfull og profesjonell måte</p>	<p>Vera bevisst på lovverk og etiske sider ved bruk av velferdsteknologi og digitale løysingar</p> <p>Kontinuerleg vurdere målet med digitale løysingar og evaluere om brukar er komfortabel med det</p>